



DEN NORSKE KYRKJA

Medarbeidarundersøking for alle



I år vert det gjennomført medarbeidarundersøking for alle som arbeider i Den norske kyrkja. Undersøkinga gjev deg høve til å reflektere over din situasjon på jobb og til å kome med innspel til kva som kan betrast og utviklast. På denne måten legg ein grunnlaget for eit godt arbeidsmiljø – no og i framtida.

Undersøkinga er utarbeidd av representantar frå fagforeiningane, fellesråda, Kyrkjerådet og KA – i samarbeid med konsultentselskapet Rambøll. Undersøkinga vert sendt ut på e-post i midten av september.

Medarbeidarundersøkinga er tema på allmøtet i morgon (onsdag 25. august) kl 09.00. Andre tema er kyrkjeleg organisering og nye Tono-avtalar. Allmøtet varar i ein halvtime og du kan sjå det i opptak.

[Følg allmøtet på kyrkja.no/allmøte](https://kyrkja.no/allmøte)



Forbøn for Afghanistan og Haiti

Kyrkjeleiarar oppfordrar til kyrkjeleg solidaritet med folk på Haiti og i Afghanistan etter det som har hendt der den siste tida.

[Les meir](#)



Svalbard kirke fyller 100 år

Den første kyrkja på Svalbard vart bygd i løpet av femti dagar i 1921. På hundreårsdagen, laurdag 28. august, vert det jubileumsgudsteneste, og i tillegg inviterer kyrkja til arktisk salmekonkurranse.

[Les meir om jubileet](#)

Drivkraft

Meld deg på Trusopplæringskonferansen!

Drivkraft er temaet for årets konferanse, som går av stabelen 20. oktober. Det vert interessant program, og dei påmeldte vil få tilgang til alt innhaldet i tre månader. Meld deg på innan 18.09 for å få rabatt!

[Les meir om programmet](#)



Bli med på konfirmantforskning!

I haust startar ei europeisk undersøking om konfirmanttida. Ved å svare på spørsmål i starten og slutten av konfirmantåret, vil både du og forskingsprosjektet få god innsikt i konfirmantane sine tilbakemeldingar.

[Les meir om prosjektet](#)



Gode samtalar på Kyrkjeskipet

Førre veke var det Arendalsveka, og Kyrkjeskipet inviterte til interessante samtalar. No kan du sjå opptak av samtalanene, mellom anna om tillitssamfunnet, konvertittsaker og om kyrkja si rolle i beredskapsarbeid.

[Sjå opptak frå Arendalsveka](#)

Webinar og frukostmøte



Fosterdiagnostikk – etiske utfordringar og personlege erfaringar

26. august kl 09.00: [Les meir og meld deg på her](#)

Sjelesorg med ungdom

02. september kl 09.00: [Les meir og meld deg på her](#)

Kulturfrivilligheit fram mot frivilligåret 2022, kva bør kyrkja gjere?

09. september kl 09.00: [Les meir og meld deg på her](#)

Kristne migrantar og Den norske kyrkja

16. september kl 09.00: [Les meir og meld deg på her](#)

Sjå full webinaroversikt og opptak av tidlegare webinar på ressursbanken.no/webinar

Fekk du med deg desse sakene?



Suksess på drop-in-dåp

– Fleire sa etterpå at «dette vart mykje finare enn vi hadde trudd», fortell prest Petter Johannessen. Omkring 60 personar vart døypt då fleire av kyrkjelydane i Borg bispedøme inviterte til drop-in-dåp i mai og juni.

[Les meir her](#)



Frivilligmillionar er delt ut

Rett før sommaren fekk Den norske kyrkja 18 millionar frå regjeringa til å styrke det frivillige arbeidet i kyrkja. Pengane er utbetalt til fellesråda og må nyttast i løpet av året – gjerne i samband med ein nasjonal kampanje i september.

[Les meir her](#)



Har du sjekka webinarkalenderen?

Kyrkerådet inviterer til digitalt, kyrkjefagleg påfyll. Alle webinarane i haust blir tolka til teiknspråk.

[Les meir og meld deg på her](#)

Nyheitsbrevet vert sendt til tilsette, frivillige, folkevalde og andre interesserte i Den norske kyrkja. Har du fått det videresendt kan du [melde deg på nyheitsbrevet i dette skjemaet](#).

Vil du melde deg av? [Trykk her](#)



DEN NORSKE KYRKJA

krpostmottak@kyrkja.no